

Årsmelding 2013

for Meland kommune

Innhald

1	Rådmannen sine kommentarar	2
2	Utvikling i folketal i Meland kommune 2013	3
2.1	Folketalsutvikling	3
2.2	Aldersfordeling og demografi	3
2.3	Fødselstal og innflytting / utflytting	4
3	Økonomiske oversyn og nøkkeltal 2013	5
3.1	Driftsrekneskapen	5
3.2	Investeringsrekneskapen	6
3.3	Balanse og Likviditetsoversyn	8
3.4	KOSTRA- og effektivitetsanalyse for 2013	9
4	Netto resultat, fråver og årsverksutvikling for tenestoområda	11
4.1	Netto resultat samanlikna med netto budsjetttramme pr tenestoområde	11
4.2	Årsverk og tilsette i Meland kommune	12
4.3	Fråver 2013	12
5	Kommentar til resultat og måloppnåing i 2013 for tenestoområda	13
5.1	Adm. stab rådmann og politisk organisasjon	13
5.2	Økonomikontoret	14
5.3	IKT	14
5.4	Rådgjevartenesta	15
5.5	Læring og utvikling	16
5.6	Grasdal skule	17
5.7	Meland Ungdomsskule	18
5.8	Rosslund skule	19
5.9	Sagstad skule	20
5.10	Vestbygd skule	21
5.11	Felles utviklingsarbeid for alle skulane i Meland kommune	21
5.12	Helse	22
5.13	NAV / sosiale tenester	23
5.14	Barnevern	24
5.15	Meland sjukeheim	24
5.16	Meland heimeteneste	25
5.17	Kultur	26
5.18	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)	27
6	Interkommunalt samarbeid	29
7	Andre forhold	29
7.1	Arbeidsmiljø, personalarbeid og organisasjonsutvikling	29
7.2	Politisk organisasjon	30
7.3	Likestilling	31
7.4	Etikk	31
7.5	Internkontroll	31
7.6	Beredskap	32

1 Rådmannen sine kommentarar

Meland kommune har lagt fram eit positivt rekneskapsresultat for 2013. Dette er svært gledelig og syner at vi har lukkast med dei grepa vi har sett i verk for å få driftsnivået inn på eit meir berekraftig spor. Resultatet kjem i høgste grad grunna felles forståing og godt samarbeid både mellom politikk og administrasjon og internt i administrasjonen. Det er mange som har lagt ned stor innsats for at vi skulle lukkast med budsjettstyringa. Dette har kosta, men resultatet syner at vi har gjort nokon grep som har vore rett. Det er god grunn til å glede seg.

Grunnen til det gode resultatet er først og fremst god budsjettdisiplin, ekstraordinær god skatteinngang og reduserte utgifter til renter og avdrag. Når tenesteområda gjennom god styring klarer å halde budsjetta sine så gir ekstrainntekter og reduserte utgifter pluss i rekneskapen. Resultatet set oss i stand til å dekke inn heile det akkumulerte underskotet på 18,1 mill i rekneskapen for 2013. I tillegg har vi eit overskot på om lag 3 mill kr som kommunestyre kan disponere. Rådmann si tilråding vil vere å setje midlane av på eit bufferfond.

For Meland kommune med si lange fartstid i ROBEK er det ein milepæl å kvitte seg med akkumulert underskot. Det er likevel berre eit av dei grepa vi må gjere for at vi skal bli sletta frå ROBEK registeret. Vi må også vedta ein økonomiplan som syner balanse kvart år i planperioden. Økonomistyringa framover vert utfordrande. Sjølv om vi gjekk med overskot i 2013 meiner rådmann at driftsnivået ikkje tåler å aukast ut over vedteke budsjett for 2014.

For å saldere budsjettet i 2014 måtte vi leggje inn ekstraordinære inntekter frå auke i eigedomskatt og utbytte frå Meland utbyggingsselskap. Desse midlane har vi ikkje i 2015. Vi veit og at utbytte frå BKK mest truleg vert halvert frå dagens nivå, slik at vi misser ytterligere 3-4 mil kr i budsjettet for 2015. Men dette som bakteppe bør vi ikkje no auke driftsnivået. Målet er no å kome ut av ROBEK og at vi klarer å halde oss på utsida. Det vil bli krevjande då vi veit at presset på tenestene er stort og har vore stort i lang tid. Likevel meiner rådmann at vi leverer gode tenester.

For å ha ein sunn økonomi bør kommunen som minimum ha eit brutto driftsresultat på 3 %. Dette for å byggje opp eigenkapital til investeringar. Vi veit at vi har store investeringar fram for oss. Vi har til dømes fleire skular med sprengt kapasitet.

Vi og veit det er varsla endring i overføringssystemet til kommunar. Før vi ser korleis dette slår ut for Meland må vi vere særst forsiktige med å auke utgiftsnivået ut over det som er naudsynt. Likevel vil eg takke alle som har bidrege til at vi no har klart å ta det fyrste steget på vegen ut av ROBEK. Takk til alle tilsette for at dei har bidrege med gode løysingar. Takk til leiarane som ofte står i ein svært vanskelig skvis, mellom tenesteyting og krav frå rådmann. Takk til politikarane for de har vore villige til å ta den belastninga det er å forsvare innsparingskrav og lite populære vedtak som auka eigedomskatt. Saman har vi klart å snu underskot til overskot og saman skal vi levere gode resultat også i åra som kjem.

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

2 Utvikling i folketal i Meland kommune 2013

2.1 Folketalsutvikling

Utvikling i folketal er eit av dei viktigaste basiskriteria for den økonomiske utviklinga i ein kommune. Stor vekst er ei utfordring for mange kommunar, då inntektssystemet er oppbygd slik at grunnlaget for rammeoverføringane og fleire andre inntektsrefusjonar skjer på basis av folketalet pr 1. juli i året før rekneskapsåret. Vi ser at i 2013 var veksten i folketalet i Meland kommune på 2,7 %, noko som er ein høg vekst, men lågare enn rekordveksten i 2012 med 4,4 %.

Folketalsutvikling Meland kommune 2003 - 2013:

År:	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
pr 31.12. i året	5 704	5 765	5 861	5 931	6 016	6 233	6 478	6 631	6 824	7 036	7 347	7 544
Vekst frå året før		61	96	70	85	217	245	153	193	212	311	197
Vekst i %		1,1 %	1,7 %	1,2 %	1,4 %	3,6 %	3,9 %	2,4 %	2,9 %	3,1 %	4,4 %	2,7 %

Med ein vekst i folketal på 2,7 % er Meland kommune nr 16 i Norge og nr 3 i Hordaland (utanom Jondal som har hatt grensejustering).

2.2 Aldersfordeling og demografi

For å vurdere den demografiske utviklinga, må vi nytte folketal pr 1. juli som grunnlag for analysen. I tabellen nedanfor ser vi at veksten frå 1. juli 2012 til 1. juli 2013 er på 3,6 %, som er litt lågare enn dei 2 føregåande år. Størst har veksten i åra 2011-2013 vore for born 0-5 år, men veksten har og vore prosentvis høg i aldersgruppa over 67 år. Tilsvarende har folketalsveksten vore låg for born i grunnskulealder 6-15 år. Utviklinga innanfor dei ulike aldersgruppene seier mykje om kva tenester det er trong for å utvide tilbodet til. Vi har dei siste åra hatt auke i kostnader til barnehage og i eldreomsorga, medan auka ressursbehov i skulen har vore mindre. Samstundes kan vi venta borna gruppa 0-5 år (som har auka mykje dei siste åra) vekst til, og vil setje press på ressursane i skulen.

Folketalsutvikling Meland kommune 2010 - 2013


fordelt på aldersgrupper:

Endring frå året før:

Endr. i % frå året før:

pr 1. juli i året:	2010	2011	2012	2013	2011	2012	2013	2011	2012	2013
0-5 år	607	647	693	743	40	46	50	7 %	7 %	7 %
6-15 år	1 027	1 052	1 065	1 076	25	13	11	2 %	1 %	1 %
16-22 år	661	669	693	733	8	24	40	1 %	4 %	6 %
23-66 år	3 758	3 908	4 086	4 197	150	178	111	4 %	5 %	3 %
67-89 år	581	608	637	684	27	29	47	5 %	5 %	7 %
90 år +	41	43	46	44	2	3	-2	5 %	7 %	-4 %
Sum	6 675	6 927	7 220	7 477	252	293	257	3,8 %	4,2 %	3,6 %

Meland kommune har og ein relativt ung befolkning. Tabellen under viser befolkningstal pr 01.07.2013. 9,9 % av befolkninga i Meland kommune er under 6 år mot 7,4 % totalt for landet. Aldersgruppa 6-15 år er og større enn snitt for landet med 14,4 % mot 12,1%, medan vi har relativt færre eldre innbyggjarar. Aldersfordelinga er ein av dei viktigaste parametrar for berekning av rammetilskotet til kommunen, slik at vi får meir til skule og barnehage og mindre til eldreomsorg enn ein gjennomsnittleg norsk kommune.



2.3 Fødselstal og innflytting / utflytting

Tabellane under syner at utviklinga med høge fødselsoverskot held fram i 2013 samanlikna med 2012. Tabellen for netto inn-ut flytting syner at det årleg er stor endring i befolkninga i kommunen. I 2013 flytta 424 personar ut av kommunen og 539 personar inn. Dette er høvesvis 5,8% og 7,3% av den totale befolkninga pr 01.01.2013. Vi kan såleis seie av vi har ein stor sirkulasjon på innbyggjarane i Meland kommune, der vi skiftar ut meir enn kvar 20. innbyggjar i året. Vi bør sjå på om dette har konsekvens for i kva grad innbyggjarane opplever tilknytning til kommunen.

Tabellen syner og at netto innflytting er monaleg redusert i 2013 samanlikna med kva som har vore normalen dei siste åra, og at dette nok er hovudårsaka til at befolkningsauken er redusert samanlikna med året før.

Fødselsoverskot:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Fødde	62	81	70	81	93	84	93	92	93	114	120
Døde	47	30	29	36	35	31	54	49	42	42	38
Fødselsoverskot:	15	51	41	45	58	53	39	43	51	72	82

Netto inn-utflytting:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Innflytting	365	357	328	362	420	479	450	460	572	619	539
Utflytting	319	312	303	324	265	287	333	308	411	380	424
Netto innflytting:	46	45	25	38	155	192	117	152	161	239	115

3 Økonomiske oversyn og nøkkeltal 2013

3.1 Driftsrekneskapen

Meland kommune 2013

tal i heile 1 000 kr

Driftsreknekap	Regnsk. 2013	Budsj. 2013 (rev)	Avvik 2013	Regnsk. 2012	Endr. 2012 2013
Brutto driftsinntekter	468 751	455 228	13 523	441 200	27 551
Lønnskostnader	-264 694	-266 175	1 481	-263 387	-1 307
Andre driftsutgifter og overføringar	-159 390	-151 855	-7 535	-159 438	48
Brutto driftsresultat ekskl. avskriv.	44 667	37 198	7 469	18 375	26 292
Netto renter og avdrag	-14 766	-18 030	3 264	-16 190	1 424
Netto interne finanstransaksjoner	-8 821	-7 517	-1 304	-6 346	-2 475
Resultat før inndeckn. meirforbr.	21 080	11 651	9 429	-4 161	25 241
Inndecking tidl. års meirforbruk	-18 073	-11 651	-6 422		-18 073
Resultat	3 007	0	3 007	-4 161	7 168

Driftsrekneskapen for 2013 syner eit overskot før inndecking av tidlegare års meirforbruk på kr 21,1 mill. Dette er kr 9,4 mill betre enn revidert budsjett og kr 25,2 mill betre enn tilsvarende resultat i 2012, som var på minus kr 4,2 mill. Resultatet for 2013 vert nytta til å dekke inn alt av tidlegare års meirforbruk (kr 18,1 mill), og vi sit att med eit positivt resultat frå drifta på kr 3 mill.

Hovudårsaka til at ein har oppnådd den store resultatforbetringa frå 2012 til 2013 er at ein har klart å halde kostnadene på omtrent same nivå i 2013 som i 2012 (auke på 0,3%) medan veksten i innbyggjartal og positive skattetal har gjeve inntektsvekst på 6,2%. Auken i driftsinntekter frå 2012 til 2013 er på kr 27,5 mill, medan lønskostnader og andre driftsutgifter aukar med berre kr 1,1 mill.

Nærare utgreiing av resultat for dei ulike tenesteområda følgjer i kap. 4 og 5.

3.2 Investeringsrekneskapen

Tabellen nedanfor syner alle investeringsprosjekt i 2013 med budsjett og sum finansiering. For å betre syne reelle avvik i investeringsrekneskapen for budsjettåret 2013 er det berekna ei netto utgift som er brutto investeringsutgifter med fråtrekk av prosjekterrelaterte refusjonar og tilskot, samt momsrefusjon. Dette nettobeløpet er så samanlikna med netto investeringsbudsjett, og avvik mellom desse er berekna.

Investeringsrekneskap (netto etter ref. og momskomp.) 2013									
tal i hele 1000 kr									
Prosj.	Prosjektnamn	Brutto utgifter	Tilskot og refusj. m.m.	Moms-komp	Netto etter moms-komp	Brutto utgifter budsjett	Tilsk, ref, momsk. budsjett	Budsj. (rev) netto etter momsk.	Avvik netto reknesk. - budsj.
101-106	Diverse IKT-prosjekt / Inventar	2 580		-32	2 549	250	-50	200	-2 349
253	Tilbygg Grasdal skule	4 336		-677	3 659	3 475		3 475	-184
257	Uteområde skulane	169		-27	142	-		-	-142
370	Meland sjukeheim	20 788	-7 668	-3 239	9 881	32 000	-14 750	17 250	7 369
540	Nærmiljøanlegg				-	200		200	200
758	Lagerbygg Melandskaret	185		-28	157			-	-157
760	Asfaltering kommunale vegar	713		-114	599	700		700	101
761	Trafikksikring	1 191		-191	1 001	580		580	-421
DIV.	Kommunale bygg / vegar / kaier	741		-115	626	50		50	-576
775	Ny hovudbrannbil	551			551	625		625	74
776	Fortau Mjåtveitvegen	302	-253	-48	-			-	-
777	Veg Litlebergen	776	-517	-260	-			-	-
778	Gangbru Mjåtveitvegen	1 782	-1 496	-285	-			-	-
783	Ny traktor gangvegar	473		-76	397			-	-397
	Sum ordinære investeringar:	34 587	-9 935	-5 092	19 561	37 880	-14 800	23 080	3 519
619	Vassverk Kårbø - Landsvik	1 708	-57		1 651			-	-1 651
621	Vassledning Tveit-Valde-Brakstad	495			495	2 000		2 000	1 505
623+649	Diverse kummer og pumpestasj.	31			31	600		600	569
DIV.	Datamodell, plan og dokum. vassfors.				-	900		900	900
626	Lagerbygg Melandskaret VAR	87			87			-	-87
629	Vassledning Fløksand-Vikebø	10 666			10 666	2 400		2 400	-8 266
633+646	Utbetring ledningsnett Frekhaug	6			6	1 000		1 000	994
635	Resipientundersøking sjøområda				-	400		400	400
637	Avlaupsanering Brakstad				-	2 000		2 000	2 000
640	Utslepp Eikeland	58			58	1 500		1 500	1 442
641	Tiltaksplan avlaup				-	100		100	100
	Sum invest. vassverk og avlaup	13 051	-57	-	12 994	10 900	-	10 900	-2 094
910	Startlån - Utlån	6 188			6 188	12 000		12 000	5 812
910	Startlån - Avdrag og avsetninger	4 271	-3 828		443			-	-443
929	Eigenkapitalinnskot KLP	678			678	500		500	-178
	Sum andre investeringsaktivitetar	11 138	-3 828	-	7 310	12 500	-	12 500	5 190
	Sum investeringsrekneskapen:	58 775	-13 820	-5 092	39 864	61 280	-14 800	46 480	6 616
	Finansiering:								
	Tilskot og refusjonar m.m.	13 820	-13 820		-	9 500	-9 500	-	
	Momsrefusjon	5 092		-5 092	-	5 300	-5 300	-	
	Lånemidlar	28 616			28 616	28 125		28 125	-491
	Lånemidlar Startlån	6 000			6 000	12 000		12 000	6 000
	Bruk av fond Startlån	631			631			-	-631
	Kapitalfond	4 617			4 617	6 355		6 355	1 738
	Sum Finansiering:	58 775	-13 820	-5 092	39 864	61 280	-14 800	46 480	6 616

Avviket kan skuldast 2 forhold: a) meir/mindreforbruk b) forskyving av utgifta i tid samanlikna med kva som var plan når budsjettet vart sett opp.

Investeringsrekneskapen syner at kommunen har brukt kr 3,0 mill meir enn budsjett på ordinære driftsrelaterte investeringar og kr 2,1 mill meir enn budsjett på investeringar innan VAR (Vassverk og avlaup). Prosjekta inngår i budsjettvedtak frå tidlegare år, men ved utsett gjennomføring er ikkje årsbudsjettet oppdatert og summene står fram som «avvik».

Tabellen nedanfor syner tidsuavhengig rekneskap for store pågåande investeringsprosjekt:

Invest.prosjekt som løper over fleire år:

Prosj.	Prosjektnamn	Totalt påløpt t.o.m. 2013	Prognose 2014 og seinare	Totalprognose uavh. år brutto	Budsj. vedtak ved prosjektstart	Avvik reknesk. - budsj.
370	Meland sjukeheim					
	Brutto utgifter:	22 033	11 989	34 022	34 022	-0
	Momskomp:	-3 382	-2 335	-5 717	-5 336	381
	Tilskot staten:	-7 668	-4 652	-12 320	-10 076	2 244
	Bruk av kapitalfond:		-1 010	-1 010	-1 010	-
	Lånemidlar:	-10 983	-3 992	-14 975	-17 600	-2 625
	Netto avstemming	0	-	0	0	0
619+638	Vassverk Kårbø - Landsvik	19 503	149	19 652	19 748	96
621-637	VA-anlegg Vollo - Brakstad	495	8 105	8 600	8 600	-
629	Vassleidning Fløksand-Vikebø	19 050		19 050	12 450	-6 600

Prosjekta med store avvik er:

- 1) Diverse IT-prosjekt med meirforbruk i 2013 på kr 2,35 mill.
Skuldast at ein har bokført større IT-prosjekt utført av det interkommunale IT-samarbeidet som investeringar istadenfor i driftsrekneskapen. Dette gjeld nytt sak-arkiv-system, nye nettverksløyser, samt nettbrett til politikarane. Berre det siste prosjektet var budsjettert. Vi har innsparing på IKT-drift med kr 2,2 mill i 2013 som følge av føring av desse investeringspostane.
- 2) Meland sjukeheim med mindreforbruk i 2013 på kr 7,4 mill.
Prosjektet har eit totalbudsjett på kr 34 mill, som vil halde. Avviket skuldast at ferdiggjeringa er ca 4 mnd forseinka, og ikkje vert ferdig før våren 2014. Sjå ovanfor i oppstilling over tidsuavhengig budsjett investeringsprosjekta.
- 3) Vassverk Kårbø – Landsvik med meirforbruk på kr 1,65 mill i 2013.
I 2013 har ein hatt kostnader med ferdiggjering av prosjektet som totalt har ein forventa kostnad på kr 19,7 mill, som er kr 96.000,- mindre enn totalt vedteke budsjett for prosjektet. Det står att litt arbeid i 2014.
- 4) Vassleidning Fløksand-Vikebø med eit meirforbruk i 2013 på kr 8,3 mill.
Meirforbruket skuldast for dårleg prosjektering. Totalt syner den tidsuavhengig budsjettoppstillinga over at meirkostnaden i forhold til vedteke budsjett for prosjektet på kr 12,45 mill er kr 6,6 mill.
- 5) Mindreforbruk på fleire andre prosjekt innan Vassverk og Avlaup. Som følge av arbeidet med ferdiggjering av Fløksand-Vikebø-prosjektet er ein del andre prosjekt forskyve til 2014. Ny finansiering i 2014 for desse må vedtakast.

3.3 Balanse og Likviditetsoversyn

Balanse	Regnsk. 2013	Regnsk. 2012	Regnsk. 2011
Eigedomar, anlegg, utstyr og transp.m.	530 430	483 138	459 413
Utlån	42 755	40 334	31 100
Aksjer og andeler	98 719	98 041	97 422
Pensjonsmidlar	367 769	340 758	310 464
Sum anleggsmidlar	1 039 673	962 271	898 399
Kortsiktige fordringar	32 360	20 329	26 390
Premieavvik	18 678	19 534	11 823
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	52 555	52 830	92 519
Sum omløpsmidlar	103 593	92 693	130 732
Sum eigendelar	1 143 266	1 054 964	1 029 131
Bundne driftsfond	18 506	14 777	10 876
Investeringsfond (bundne og ubundne)	13 126	16 160	14 182
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	3 007	-18 073	-13 913
Kapitalkonto	140 315	124 564	137 701
Sum eigenkapital	174 954	137 428	148 846
Pensjonsforpliktingar	493 508	451 244	408 027
Lånegjeld	410 605	397 209	408 082
Sum langsiktig gjeld	904 113	848 453	816 109
Diverse kortsiktig gjeld	59 742	64 054	59 661
Premieavvik	4 457	5 029	4 515
Sum kortsiktig gjeld	64 199	69 083	64 176
Sum eigenkapital og gjeld	1 143 266	1 054 964	1 029 131
memoriakonto: Ubrukte lånemidlar	7 548	13 539	58 203

Balansen syner at sum eigendeler har auka med kring kr 90 mill i løpet av 2013, frå kr 1 054 mill pr 31.12.2012 til kr 1 143 mill pr 31.12.2013. Eigenkapitalen er samstundes auka med kr 33 mill og langsiktig gjeld er auka med kr 57,2 mill. Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforplikting. Netto lånegjeld er definert som lånegjeld minus utlån (startlån), og er kr 368 mill i 2013, opp frå 357 mill i 2012. Dette utgjer i 2013 78,5 % av driftsinntektene. Meland kommune er iflg. Kommunal Rapport sitt kommunebarometer nr 260 i landet når det gjeld storleiken på dette nøkkeltalet. Lånegjeld pr innbyggjar er kr 48.761,- i 2013, omtrent på same nivå som i 2012.

Tabellen nedanfor syner vidare at netto pensjonsforplikting inkl. premieavvik er kr 111,5 mill, ein auke på omtrent kr 15,5 mill siste året.

Nøkkeltal lånegjeld og pensjon	Regnsk. 2013	Regnsk. 2012	Regnsk. 2011
Netto lånegjeld (lånegjeld minus utlån):	367 850	356 875	376 982
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinnt.: :	78,5 %	78,4 %	93,7 %
Netto lånegjeld pr innbyggjar :	48 761	48 574	53 579
Netto pensjonsmidlar og forplikting inkl. premieavvik (minus betyr netto gjeld):	-111 518	-95 981	-90 255

I tabellen nedanfor har vi sett opp alle kortsiktige balansepostar som syner netto likviditet tilgjengeleg til drift. Vi ser at balansen er betra frå kr 20,6 mill i minus i 2012 til ein positiv balanse på kr 4,5 mill pr 31.12.2013.

Netto kortsiktige balansepostar / likviditet	Regnsk. 2013	Regnsk. 2012	Regnsk. 2011
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	52 555	52 830	92 519
Kortsiktige fordringar	32 360	20 329	26 390
Diverse kortsiktig gjeld	-59 742	-64 054	-59 661
Investeringsfond (bundne og ubundne)	-13 125	-16 160	-14 182
Unytta lånemidlar	-7 548	-13 539	-58 203
Netto likviditets over/underskot til drift	4 500	-20 594	-13 137

3.4 KOSTRA- og effektivitetsanalyse for 2013

Meland kommune har fått utført ein overordna KOSTRA- og effektivitetsanalyse for 2014. I analysen vert det nytta ein metode som illustrerer korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenestoområder harmonerer med det berekna utgiftsbehovet på aktuelt område innanfor inntektssystemet.

I vurderinga av det samla utgiftsnivået for tenestoområda tek analysen og omsyn til nivå på korrigerede frie inntekter i kommunen for på den måten å gje eit fullstendig bilde av om kommunen ligg høgare eller lågare på samla ressursbruk enn kva det reelle inntektsnivået (og utgiftsutjevninga over inntektssystemet) skulle tilseie. Analysen er basert på førebels/ureviderte KOSTRA-data for 2013. Det er og ein føresetnad at kommunen fører rekneskapen riktig i forhold til KOSTRA-rettleiaren.

Økonomiske rammevilkår:

- Meland er en middelinntektskommune.
- Korrigerede frie inntekter er på 97 % av landsgjennomsnittet.
 - I KOSTRA er kommunen plassert i kommunegruppe 8, dvs. at ein vert samanlikna med mellomstore kommunar med låge bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter.
- Samla berekna utgiftsbehov i inntektssystemet er på om lag 3,0 % over landsgjennomsnittet for 2013.

Dei økonomiske rammevilkåra vil vere styrande for det tenestetilbodet kommunen kan levere til innbyggjarane.

KOSTRA- og effektivitetsanalyse, Meland kommune 2013, oversyn:

	Beregnet utgiftsbehov 2013	Netto driftsutgifter 2013			Mer-/mindreutgift ift.	
		Meland	Landsgjennomsnittet	Meland "normert nivå"	Landsgjennomsnittet	"Normert utgiftsnivå"
		<i>kr pr innb</i>	<i>kr pr innb</i>	<i>kr pr innb</i>	<i>1000 kr</i>	<i>1000 kr</i>
Barnehage	1,2552	8 173	7 459	9 362	5 391	-8 970
Administrasjon	1,0704	3 981	3 816	4 084	1 249	-778
Grunnskole	1,1987	13 797	12 185	14 607	12 162	-6 106
Pleie og omsorg	0,8197	11 211	15 269	12 516	-30 614	-9 846
Kommunehelse	1,0694	1 939	2 132	2 280	-1 455	-2 571
Barnevern	1,0054	1 262	1 646	1 654	-2 892	-2 959
Sosialhjelp	0,6519	1 817	2 030	1 323	-1 610	3 721
Sum	1,0306				-17 769	-27 508
Sum inntektsjust.						-16 600

Analysen syner at Meland kommune, på dei sentrale tenesteområda som inngår inntektssystemet, hadde mindreutgifter samanlikna med til landsgjennomsnittet på ca kr 17,8 mill i 2013. Då er det ikkje teke omsyn til at kommunen hadde eit høgare berekna utgiftsbehov enn «gjennomsnittskommunen» (ca 3,0 prosent i 2013). I forhold til kommunens "normerte utgiftsnivå", er det berekna mindreutgifter på om lag kr 27,5 mill når ein tek omsyn til kriteria og vektene i inntektssystemet. Etter justering for eit nivå på korrigererte frie inntekter på 97 prosent av landsgjennomsnittet (tilsvarende om lag 10,9 mill kr), syner analysen eit samla mindreforbruk på om lag kr 16,6 mill (=27,5-10,9).

Nedanfor følger ein meir detaljert analyse innan dei såkalla funksjonsområda i KOSTRA.

	Mer-/mindreutgifter (1000 kr) ift.	
	Landsgjennomsnittet	"Normert nivå"
Barnehage (F201, 211, 221)	5 391	-8 970
201 Førskole	8 793	-3 561
211 Styrket tilbud til førskolebarn	-435	-1 464
221 Førskolelokaler og skyss	-2 967	-3 945
Administrasjon og styring (F100, 110, 120, 121, 130)	1 249	-778
100 Politisk styring	-99	-300
110 Kontroll og revisjon	124	75
120 Administrasjon	799	-721
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	-1 389	-1 487
130 Administrasjonslokaler	1 815	1 655
Grunnskole (F202, 215, 222, 223)	12 162	-6 106
202 Grunnskole	12 998	-1 337
215 Skolefritidstilbud	322	41
222 Skolelokaler	-2 156	-5 457
223 Skoleskyss	997	647
Pleie og omsorg (F234, 253, 254, 261)	-30 614	-9 846
234 Aktivisering eldre og funksjonshemmede	-968	150
253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	-23 272	-14 867
254 Pleie, omsorg, hjelp i hjemmet	-4 030	6 124
261 Botilbud i institusjon	-2 344	-1 253
Kommunehelse (F232, 233, 241)	-1 455	-2 571
232 Forebygging - skole- og helsestasjonstjeneste	-1 648	-1 911
233 Forebyggende arbeid, helse og sosial	-994	-1 075
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	1 186	415
Barnevern (F244, 251, 252)	-2 892	-2 959
244 Barneverntjeneste	-958	-979
251 Barneverntiltak i familien	-460	-468
252 Barneverntiltak utenfor familien	-1 475	-1 511
Sosialhjelp (F242, 243, 281)	-1 610	3 721
242 Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	3 008	4 944
243 Tilbud til personer med rusproblemer	-2 636	-1 698
281 Økonomisk sosialhjelp	-1 981	475

4 Netto resultat, fråver og årsverksutvikling for tenesteområda

Tabellane i kap. 4 nedanfor syner netto resultat, fråver og årsverk/tal på tilsette pr tenesteområde i 2013. Forklaring til avvik og kommentarar til kvart tenesteområde følger i kap. 5.

4.1 Netto resultat samanlikna med netto budsjettramme pr tenesteområde

Meland kommune 2013

tal i heile 1 000 kr

Tenesteområde	Regnsk. 2013	Budsj. 2013 (rev)	Avvik	Avvik i %
Netto inntekter økonomi og finans (skatt, rammetilskot m.m.)	359 006	353 875	5 131	1,4 %
Netto utgifter pr tenesteområde:				
Adm. stab rådmann og politiske utval	13 481	14 685	1 204	8,2 %
Økonomikontor	6 807	7 013	206	2,9 %
IKT	5 512	7 694	2 182	28,4 %
Rådgjevartenesta	60 717	58 114	-2 603	-4,5 %
Læring og utvikling	12 189	13 041	852	6,5 %
Grasdal skule	9 373	8 810	-563	-6,4 %
Meland Ungdomsskule	15 687	16 050	363	2,3 %
Rosslund skule	21 240	21 221	-19	-0,1 %
Sagstad skule	23 281	23 253	-28	-0,1 %
Vestbygd skule	13 330	13 387	57	0,4 %
Helse	26 383	28 255	1 872	6,6 %
Sosiale tenester / NAV	10 518	10 685	167	1,6 %
Flykningar / innvandrarar	0	-955	-955	
Barnevern	9 683	8 838	-845	-9,6 %
Meland sjukeheim	28 963	27 876	-1 087	-3,9 %
Meland heimeteneste	45 645	46 693	1 048	2,2 %
Kultur	5 996	6 577	581	8,8 %
Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK)	29 121	30 988	1 867	6,0 %
Resultat før inndek. meir/mindre-forbruk	21 080	11 650	9 430	
Inndekking av tidlegare års meirforbruk	18 073	11 650		
Reknskapsmessig mindreforbruk (overskot)	3 007			

Tabellen er kommentert for kvart tenesteområde i kap. 5 nedanfor.

Summane i tabellen over vil avvike frå oppstillinga i rekneskapskjema 1B på side 7 i årsrekneskapen for 2013 fordi vi over viser nettoresultat for kvart tenesteområde, som og vert brukt i all intern rapportering og økonomisk oppfølging i rekneskapsåret. I rekneskapskjema 1B er det vist brutto utgifter (med nokre unntak), medan inntektene kjem i rekneskapskjema 1A.

4.2 Årsverk og tilsette i Meland kommune

Tenesteområde	Årsverk (gj.snitt)	Årsverk budsjett	Avvik årsverk	Tilsette 31.12.12	Tilsette 31.12.13	Endring
Adm. stab rådmann og politiske utval	10,1	10,1	-	13	13	-
Økonomikontor	4,0	4,2	-0,2	5	4	-1
Rådgjevartenesta	4,8	4,8	-	5	5	-
Læring og utvikling	15,7	15,7	-	16	16	-
Grasdøl skule	16,8	17,1	-0,3	25	25	-
Meland Ungdomsskule	22,0	22,0	-	31	31	-
Rosslønd skule	31,2	31,2	-	37	36	-1
Søgstad skule	43,1	43,0	0,1	51	47	-4
Vestbygd skule	24,0	24,0	-	28	28	-
Helse	26,0	25,0	1,0	32	35	3
Sosiale tenester / NAV	6,8	6,8	-	8	10	2
Barnevern	7,8	7,8	-	8	8	-
Meland sjukeheim	51,0	50,0	1,0	93	92	-1
Meland heimeteneste	62,2	61,6	0,6	114	112	-2
Kultur	10,0	11,0	-1,0	31	32	1
Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK)	45,0	49,0	-4,0	57	56	-1
Sum Meland kommune	380,5	383,2	-2,7	554	550	-4

I 2012 rapporterte vi totalt 399 årsverk, medan vi i 2013 har 383 årsverk, ein reduksjon på 16 eller ca 4 %. Reduksjonen kjem som eit resultat av nedtrekk og innsparingstiltak gjennomført i løpet av året. Vi har og berekna at talet på tilsette er redusert med 4 i løpet av året.

4.3 Fråver 2013

Tenesteområde	Kortidsfråver	Langtidsfråver	Sum fråver
Adm. stab rådmann og politiske utval	1,4 %	0,1 %	1,5 %
Økonomikontor	2,2 %	0,0 %	2,2 %
Rådgjevartenesta	1,0 %	7,5 %	8,5 %
Læring og utvikling	2,3 %	7,5 %	9,8 %
Grasdøl skule	3,4 %	7,3 %	10,7 %
Meland Ungdomsskule	1,3 %	6,4 %	7,7 %
Rosslønd skule	1,3 %	5,7 %	7,0 %
Søgstad skule	1,4 %	1,6 %	3,0 %
Vestbygd skule	1,9 %	6,5 %	8,4 %
Helse	1,5 %	5,3 %	6,8 %
Sosiale tenester / NAV	1,1 %	5,8 %	6,9 %
Barnevern	1,3 %	1,8 %	3,1 %
Meland sjukeheim	1,6 %	11,7 %	13,3 %
Meland heimeteneste	2,4 %	7,9 %	10,3 %
Kultur	2,1 %	9,8 %	11,9 %
Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK)	2,0 %	5,4 %	7,4 %
Sum Meland kommune	1,8 %	6,4 %	8,2 %

Av tabellen over går det fram at totalt sjukefråver i Meland kommune i 2013 var på 8,2%. Av dette er kortidsfråver 0-16 dagar 1,8% og langtidsfråver 6,4%. Dette langtidsfråveret får kommunen dekkja mesteparten av kostnadene til gjennom sjukepengerefusjonen. Totalt sjukefråver i 2012 var til samanlikning på 8,1%, slik at auken i 2013 er på 0,1% frå året før. Sjå også pkt. 7.1.

5 Kommentar til resultat og måloppnåing i 2013 for tenesteområda

5.1 Adm. stab rådmann og politisk organisasjon

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

Årsak til innsparing på kr 1,2 mill er først og fremst lågare utgifter til politisk organisasjon, oppseiing av avtale om kjøp av næringskonsulent-tenester, samt lågare utgifter til Stortingsvalet enn budsjettet. I tillegg er tenesteområdet tilført kr 300 000 i statlege prosjektmidlar til Saman om ein betre kommune.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Området har som alltid svært lågt sjukefråvæ, og det har ikkje vore naudsynt med særlege tiltak. Det er likevel fokus på det generelle nærversarbeidet, med vektlegging av eit godt arbeidsmiljø.

Dei 3 viktigaste måla for adm. stab og oppnådd resultat:

1. Mål: Innføring av ny organisasjonsplan frå 01.01.13, med m.a. etablering av HR-teamet/andre ledd i planen, leiaropplæring, utarbeiding av subdelegeringsreglement, oppstart av arbeidet med ny arbeidsgjevarstrateg m.v.

Resultat: Dei fleste ledda i den ny organisasjonsplanen er på plass. HR-teamet fungerer godt. Det er trong for å jobbe noko meir med dei tverrfaglege teama. Leiaropplæringsprogram gjennomført finansiert via OU-midlar. Nytt subdelegeringsreglement er implementert. Utarbeiding av ny arbeidsgjevarstrategi har teke lengre tid enn planlagt og vil verte ferdigstilt våren 2014.

2. Mål: Meir effektiv organisasjon gjennom innføring av nye dataprogram, t.d. ny nettside, nytt post/sak/arkiv-system inkl. etablering av eige dokumentsenter. Det var også ei målsetjing å innføre kvalitetsstyringssystem.

Resultat: Ny nettside opna i desember. Organisatorisk og praktisk tilrettelegging av dokumentsenteret var i prosess ut over hausten, og nytt post/sak/arkiv-program hadde oppstart i januar 2014. Kommunal Facebookside etablert i oktober, saman med ei rekkje andre tiltak i vedteken informasjonsplan. Innføring av kvalitetsmodulen vart utsett til 2014 grunna kapasitetsproblem.

3. Mål: God prosess ved verksemdsoverdraging av reinhaldstenesta.

Resultat: HR-teamet hadde ei vesentleg rolle i dette arbeidet, og prosessen vart gjennomført på ein ryddig og forsvarleg måte. Det vart m.a. lagt vekt på samarbeid med tillitsvalde, og at den enkelte medarbeidar skulle kjenne seg ivaretatt i prosessen.

Vidare utfordringar for tenesteområdet:

Bemanning i resepsjonen: Det har dei siste åra vore til dels store utfordringar knytt til tryggleiken for dei tilsette i resepsjonen. Ideelt sett burde det vore to personar på jobb i resepsjonen til ei kvar tid, men p.t. manglar tenesteområdet ca 50% stillingsressurs for å få dette til. Etablering av dokumentsenteret på tidlegare møterom 2 må sjåast på som ei mellombels løysing.

5.2 Økonomikontoret

Det har i 2013 vore store endringar i staben ved økonomikontoret, noko som har medført store utfordringar knytt til følgje opp og gjennomføre alle aktivitetar som er lagt til kontoret. Av dei 5 tilsette på kontoret pr 1. januar 2013 er 4 slutta av ulike årsaker, og 3 nye tilsett, mellom anna ny leiar ved kontoret. Det er på grunn av dei store endringane ikkje avtalt mål for kontoret for 2013, men ein har hatt fokus på å lære seg rutinar, system og arbeidsoppgåver. Lønsarbeidet er frå og med desember 2013 sett ut til Lindås kommune. Ordninga er mellombels, og ny lønskonsulent vert tilsett i 2014.

Kommunen har vektlagt kompetanse ved tilsetting av dei nye medarbeidarane, mellom anna ved å inngå samarbeid med Trainee Vest / Karrieresenteret og delta i deira traineeprogram med å tilsette ein trainee med master i økonomi til erstatning for ein økonomisekretærheimel.

På tross av mange nyttilsette har vi hausten 2013 levert løypande rekneskapsrapportering annan kvar månad, laga budsjett for 2014, og elles fokusert på å vere støttespelarar for dei øvrige tenesteområda i deira rekneskaps- og rapporteringsoppgåver.

5.3 IKT

Meland kommune sin IKT-drift er sett ut til det interkommunale samarbeidet IKT Nordhordland (IKTNH), med Osterøy som vertskommune. Gjennom samarbeidet har kommunen ei felles nettverksløysing og systemløysing med dei andre Nordhordlandskommunane. Kommunen har ikkje eigne tilsette som arbeider med IT-drift, men ei konsulentstilling knytt til adm.staben har hatt eit oppfølgingsansvar innan IKT. IKTNH skal drifte nettverk og maskinvareløysingar, medan kommunen sin administrasjon sjølv må stå for dagleg brukaroppfølging og vidareutvikling av dei ulike programvareløysingane.

Meland kommune har i 2013 hatt ei innsparing i høve til revidert budsjett på kr 2,2 mill, noko som skuldast at ein har bokført prosjektrelaterte kostnader knytt til innkjøp og etablering av ny portal, nytt post/sak/arkiv- system, samt nye nettverksløysingar som investeringar istadenfor i driftsrekneskapen.

Etablering av dei nye løysingane har vore utført med støtte frå stabspersonell i kommunen, og har vore til dels svært ressurskrevjande dei siste månadane i året. Arbeidet med å få på plass løysingane held fram i 2014. Meland kommune har etter oppgraderinga i 2013 ei velfungerande og godt oppdatert IT-løysing, men drifta av programvareløysingane er krevjande med knappe administrative ressursar.

5.4 Rådgjevartenesta

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

Det er frå 2013 etablert felles sektorovergripande rådgjevargruppe, der ein samlar fagkompetanse innan fleire ulike område, som skule, barnehage, helse, sosial, pleie og omsorg og kommuneplan.

Mål:

Rådgjevarane skal fungerer som fagleg støtte både for toppleiargruppa og for leiarane av tenestemråda. Rådgjevarane skal utføre oppgåver som går på ulike typar forvaltning, og vere sakshandsamarar og medaktørar/medspelarar i prosessar kring utvikling, fornying og omstilling.

Resultat/prosess:

Har vore aktiv medaktør i

- prosess kostnadseffektiv organisering, fornying og tenesteutvikling.
- ulike kostnadsreducerande tiltak i 2013.
- ulike planprosessar som t.d. kommuneplan og overordna ROS analyse.
- diverse politisk saksutgreiing.

Vidare utfordringar/oppgåver:

Iverksette planprosessar er til dømes slutføring av Kommuneplan, Barnehageplan, Temaplan Helse, sosial og omsorg samt Rapport skulestruktur. Vurderingsgrunnlag om konkurranseutsetting av pleie- og omsorgstenesta er per tid ikkje politisk handsama.

Private barnehagar:

Tilskot til private barnehagar er ein del av rådgjevartenesta, og utgjer ein stor del av denne tenesta sitt rekneskap og budsjett. Tilskotet reknast ut basert på kostnader til drifta av dei kommunale barnhagane, basert på forskrift frå Utdanningsdirektoratet om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Grunna lågare kostnader enn budsjettert i den kommunale barnehagen er tilskotet for 2013 innanfor budsjetttramma. Dette på tross av at fleire barn i dei private barnehagane enn rekna med når ein laga budsjettet og auke i tilskot frå 92% til 96% av kostnadsgrunnlaget skulle tilseie ein budsjettsprekk. Høgare kostnader enn budsjettert til betaling for born frå Meland kommune som går i barnehagar i andre kommunar utgjer eit budsjettavvik på ca kr 2,6 mill, og er hovudårsak til meirforbruket på rådgjevartenesta totalt.

5.5 Læring og utvikling

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

Generelle innsparingar gjer at vi i 2013 kjem ut betre enn budsjettert. Dette skuldast:

- Ved langtidssjukefråvær i tenesteområdet er det ikkje tatt inn tilsvarende bemanning som vikarar.
- Innsparingar på midlar til styrka tilbod i barnhagane.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Vi har lite korttidsfråvær på tenesteområde Læring og utvikling. Vi trur det er slik fordi dei tilsette trivst i jobben sin. Vi er opptatt av å ha ein vennleg tone der alle kan bli høyrde. Det er viktig å visa omsorg og respekt for kvarandre i kvardagen og støtte kvarandre dersom det er trong for det.

Langtidsfråværet har vore noko høgt dette året. Leiar er opptatt av å halda kontakten og tett følge opp dei som er sjukemelde. Den sjukemelde vert også invitert med på sosiale tilstellingar.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Ha god økonomisk kontroll.
Resultat: Oppnådd med tilfredstillande resultat, jf. tabell i punkt 4.1.
2. Mål: Ha ei forsvarleg drift trass i vanskelege økonomiske utfordringar.
Resultat: Utifrå sakkunnige vurderingar frå PPT og på bakgrunn av søknader har vi laga vedtak og gjeve tilbod både til barn og vaksne som søker om spesialundervisning innafor barnehage og vaksenopplæring.
3. Mål: Ha eit nærvær på arbeidsplassen som gjer at oppgåver vert gjennomførte
Resultat: Sjølv med ein del sjukemeldingar har vi saman klart å gjennomføra oppgåver vi har ansvar for. Det har av og til vore litt forseinking på sakshandsaming. Dette ønskjer vi å forbetra til neste år.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Bemanninga på PPT er for låg. Dette går utover førebyggjande arbeid både på barnehage- og skulenivå. PPT har i svært liten grad høve til å rettleia barnehage- og skulepersonell. Vidare har PPT mange tilmeldingar og med 2,4 % stilling vert det umogeleg å unngå ventelister. Samanlikna med andre PPT kontor er vi underbemanna, og det er trong for å styrke kontoret med ei ekstra stilling. Vi har også for liten kapasitet når det gjeld logopedtenester for vaksne.

Grunna stor folkevekst, spesielt når det gjeld småbarnsfamiliar, vil trongen for utøvande, ambulerande spesialpedagogar som jobbar i dei ulike barnehagane auka. Folkeveksten krev og ei årleg auke i barnehageplassar på i underkant av 50 pr år. Vi meiner behovet best kan løysast ved å etablere ein ny, 6-8 avdelings kommunal barnehage i økonomiplanperioden.

5.6 Grasdal skule

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

- Tal på tilsette: Knappe ei heil lærarstilling mindre frå august 13
- Netto driftsramme: Høgt sjukefråver hausten 2013, og difor auke i vikarutgifter for å oppretthalde forsvarleg drift. Auke i kostnader til læremidlar og opplæring i spesialpedagogikk, samt til bokmålsopplæring.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

- Arbeidsmiljøfremmande tiltak for samhandling på arbeidsplassen kvar dag; God morgon og takk for i dag til alle vi møter, hjelpsam og støttande haldning, humor, positive samtaletema i lunsjpausar, liste for fredagskos i lunsjpausen, fordelt ansvar for fellesrom og vektlegging av å fylgje avtalar og rutinar.
- Ergonomisk kartlegging av 5 arbeidsplassar gjennom BHT og tilpassing ved behov
- Miljøskapande sosiale treff på fritida der alle blir invitert, god oppfølging ved sjukefråver.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Zero-mål: Alle elevane skal ha eit godt læringsmiljø fritt for mobbing .

Opplevd resultat: I Elevundersøkinga våren 2013: Elevane svarar at dei opplever at dei vaksne i stor grad har lik praksis av reglar og framstår som tydelege vaksne.

Arbeid i personalet med førebygging og fokus på sosial kompetanse, lik prosedyre for avdekking og konfliktløyising av mobbesaker. Auka kompetanse hos alle tilsette etter kurs i august om mobbing og observasjonskompetanse, frå Zero/Læringsmiljøsenderet, Universitetet i Stavanger. Arbeid med Trivselsprogrammet har gitt auka aktivitetsnivå i skuledagen, og betra relasjonar mellom elevane.

Målbare resultat: Elevundersøking 2013: Det er 5 eller færre elevsvar som skjuler seg bak ein fordeling på at dei blir mobba ein sjeldan gong – 2 eller 3 gonger i mnd. – omtrent 1 gong i veka.

2. Mål: Betre læringsmiljø: Auka kompetanse innan klasseleiing, og vurdering av eigen praksis hos lærarane.

Opplevd resultat: Har styrka lærarane sin rolle i klasserommet, og opna for erfaringsdeling og refleksjonar omkring gjeldande praksis.

Målbare resultat:

- Vi har utarbeida eit diagram som konkretiserer element ved god klasseleiing, og gjeldande arbeidsmåtar og metodar.
- Konkrete synlege endringar i rutinar i klasseromma.

3. Mål: Betre tilpassa opplæring for alle elevar

Opplevd resultat:

Større fokus på vurdering og tilrettelegging etter individuelle behov. Undervegsvurdering, kartlegging, tilpassa for elevar med framandspråkleg bakgrunn med læreverv og arbeidshefte, tilpassa planar for elevar med spesielle behov og spesialpedagogisk tilbod.

Målbare resultat:

- Fokus på tidleg innsats, med god vaksentettleik på 1. og 2. årssteg.
- Tydelege læringsmål på vekeplanen og individuelle arbeidsplanar
- Tiltaksplanar for intensiv trening ein periode

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

- Vi har store utfordringar med nok areal til store årskull som kjem til 1.klasse kvart år framover. Elevtalet er større kvart år enn det som er estimert i prognosane for krinsen. Vi må igjen hausten 2014 ta i bruk sløydrom til fast klasserom. I tillegg kjem utfordringa med rett til deling av grupper etter målform, og mange har ynskje om opplæring på bokmål.
- Det krev auke i lærartimar og assistentimar med så store årskull som kjem. I tillegg til auke i elevtal, ser vi og ein auke i tal på barn med behov for spesialundervisning og spesielt tilpassa opplæring.

5.7 Meland Ungdomsskule

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

Vi har drive stramt i 2013, og mellom anna brukt mindre til vikar enn det som er refundert frå NAV ved sjukefråver.

Tenestområdet sitt nærversarbeid:

Har berre 0,4% sjukefråver med eigenmeldingar. Dei andre sjukmelde fråvera er ikkje arbeidsplass-relaterte. Arbeider heile tida med nærversarbeid i tråd med satsing/mål vedtekne i nærversgruppa. Viktig at det også vert tilrettelagt for at langtidssjukmelde kan få nytta kompetansen sin på best mogeleg måte / bruka restarbeidsevna.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Meland ungdomsskule skal vera ein god skule for alle!
Resultat: Elevundersøkinga og grunnskulepoenga for 2013 viste svært gode resultat, jfr. resultat på www.Udir.no/Skoleporten/Resultater.
Elevundersøkinga, der ein først og fremst måler det psyko-sosiale miljøet, syner at elevane jamt over trivst godt på skulen, og at det er lite mobbing. Grunnskulepoenga, som viser snitt av eksamensresultat både skriftleg og munnleg og snitt standpunktkarakterar, plasserer Meland ungdomsskule høgt: 44,3 (Nasjonalt: 40,1 . Hordaland: 40,3.).
2. Mål: I heile 2013 var det svært mykje fokus på økonomi, og måla måtte justerast undervegs i takt med justering av budsjettet.
Resultat: Vi har klart å halde budsjettet / dei nye måla for tal tilsette.
3. Mål: God kompetanse hjå alle faglærarar / i alle fag
Resultat: Fleire med Master i kjernefaga, og fleire som held på med vidareutdanning / Masterstudie

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Kompetanse kostar, og vi kan ikkje berre ta ned utgiftene og samstundes halda oppe eller heva kompetansenivået, noko som er svært viktig på ungdomstrinnet. For Meland ungdomsskule er det heile tida eit sakk at vi ikkje har kroppsøvingsavdeling eller rom til å samla alle elevane.

5.8 Rossland skule

Rossland skule har drive stramt, og har skore ned på lærarstillingar dette året. Vi har med dette levert eit resultat i balanse i høve til budsjett.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

- Samla fråver på skulen er 7%. Det er svært lite kortidsfråver. Langtidsfråveret er ikkje relatert til tilhøve på arbeidsplassen
- Vi har arbeida med det psykososiale miljøet på fleire område.
- Vi har hatt fokus på omdømme og framsnacking.
- Vi har ansvarleggjort tilsette for eigne arbeidsoppgåver ved fråvær.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Minska tal elevar som opplever mobbing/krenkjande åtferd og auka trivnaden til elevane.
Resultat: Skulen arbeider aktivt, med mellom anna Zero som verkty til å førebyggja, avdekka og handsama mobbesaker. Skulen er med på trivselseiarprogrammet for å auka felles deltaking i elevaktivitetar i friminutta. Tendensen, sett ut frå resultatata frå Elevundersøkinga, er at mobbetala og trivselstala er stabile eller synkande. Talet for mobbing på Rossland skule er frå 2012 1,4, det same som landssnittet.
2. Mål: Betre dei faglege resultatata.
Resultat: Med utgangspunkt i måletala Nasjonale Prøvar gir oss, har vi sett i gong eit prosjekt for å auka lesedugleiken til elevane frå 1. til 10. klasse. Vi har relativt gode resultat over tid på 5. trinnet, men har som målsetjing å betra resultatata på ungdomstrinnet. Rossland skule har resultat litt over landssnittet på grunnskulepoeng etter 10. klasse.
3. Mål: Halde sjukefråværet lågt
Resultat: Vi har kontroll på sjukefråværet. Langtidssjukefråværet skuldast tilhøve som ikkje er knytt til arbeidsstaden. Det samla sjukefråværet er på 7%, noko under snittet i kommunen.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Drifta slik ho er no balanserer på ein smerteterskel når det gjeld personell og materiell i høve til utfordringane vi står ovanfor. Desse momenta kan få noko å seie for rekruttering og det å halda på stabil arbeidskraft. Skulen har ikkje hatt kapasitet til å ta opp utfordringar som har komme til i løpet av skuleåret.

5.9 Sagstad skule

Tabellen over økonomisk resultat i pkt. 4.1 syner at Sagstad skule med eit revidert budsjett på kr 23,3 mill akkurat går i balanse i 2013. Tenesteområdet sitt opphavlege budsjett var på kr 0,7 mill høgare, og etter nedtrekket i innsparingsprosessen våren 2013 har skulen klart å få kontroll på lønsutgifter og leverer eit budsjett i balanse.

Skulen gjekk inn i 2013 med ei bemanning som var større enn tildelt ramme for året.

For å klare mål frå revidert budsjett måtte talet på årsverk kraftig ned frå 1. august 2013.

Skulen reduserte talet på lærarstillingar med 1,5 årsverk. Konsekvensen av dette blei mellom anna at tre 2. klassar måtte slåast saman til to. I tillegg har skulen kutta i styrkingstimar og delingstimar som tidlegare har komme dei svakaste elevane og «gråsonelevar» til gode. Skulen har i fleire år hatt tilbod om ART-kurs (Aggression Replacement Training) for elevar på Sagstad. Dette har mange hatt god nytte av. Dette tilbodet blei lagt ned frå 1. august 2013. Skulen måtte og redusere tal på assistentar/fagarbeidarar med 3 årsverk. Dette er eit kutt som og i stor grad rammar dei svakaste elevane, samt gjer bemanningssituasjonen på SFO vanskeleg.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Sagstad skule har hatt fokus på å bruke personalet der dei er best. Tanken bak dette er at slitasjen skal bli minst mogleg. Det blir servert vaflar siste fredag i månaden. Vi har fokus på å få til eit til sosiale treffpunkt utanom jobb kvart halvår.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Redusere tal på elevar som opplever seg mobba.
Resultat: Sagstad skule har dei siste åra hatt mellom 12-15% elevar som opplever seg mobba. Ved siste måling som var ved elevundersøkinga i haust var talet på elevar som vart mobba rett over 4%. Dette var eit positivt resultat for vår del.
2. Mål: Betre resultat på nasjonale prøvar. Vi ønskjer at Sagstad skule skal være over nasjonalt nivå på nasjonale prøver over tid.
Resultat: Det er for kort tid til å sjå noko resultat av dette enda. Skulen skal utarbeide ein leseplan, samt at vi har fått på plass eit årshjul for korleis vi skal arbeide med dei dugleikane elevane vert målt etter på nasjonale prøvar.
3. Mål: Oversikt over lønsutgifter og budsjett i balanse.
Resultat: På dette området har skulen nådd målet.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Sagstad skule er ein skule med eit elevtal i sterk vekst. Allereie i dag ligg skulen over forventa elevtalsprognose for vekst. Det er fleire utfordringar å ta med seg. Skulen har for få klasserom til å møte veksten i elevmassen. I dag nyttar vi musikkrommet som klasserom. Neste skuleår må tekstilrommet nyttast som klasserom. Skulen vil ha fleire år framover det går ut 2 klassar på 7. trinn, samtidig som det kjem inn 3 eller 4 klassar i 1. klasse, litt avhengig av fordelinga mellom talet på elevar som vel bokmål eller nynorsk. Etter at tekstilrommet er tatt i bruk har skulen berre eitt rom igjen som kan nyttast som klasserom. Vi må då legge ned skulebiblioteket for å få frigjort eit ekstra rom. Dette må mest sannsynleg gjerast skuleåret 2015/2016. Etter dette har ikkje skulen rom til å

møte vidare vekst. Vi har heller ikkje pultar og stolar til å møte veksten i elevtalet. Det må avsetjast midlar til det i investeringsbudsjettet.

Den andre store utfordringa er at skulen treng fleire lærarar og fleire barne og ungdomsarbeidarar/assistentar for å møte eit auka elevtal. For å få til dette må budsjetttramma aukast kvart år inntil elevtalet har stabilisert seg og talet på klassar vil halde seg på same nivå.

5.10 Vestbygd skule

Vestbygd skule har ei innsparing i høve til revidert budsjett på kr 73.000,-. Vi har spart ein del på å slå saman elevgrupper. Vestbygd skule har språkdeling på alle trinn og er såleis ein relativt kostbar skule. Det er avgrensa kor mykje samanslåing ein kan ha. Ein må halda seg innanfor det som er forsvarleg og lovleg.

Elles er det spart på vikarutgifter der dette har vore mogeleg og forsvarleg, og vi har vore svært nøysame på innkjøpssida. I tillegg har det vore auke i elevtalet på SFO.

Tenestområdet sitt nærversarbeid:

Vi arbeider kontinuerleg med vedlikehald og utvikling av det gode arbeidsmiljøet ved Vestbygd skule. Dei tilsette har god omsut for kvarandre, og det er utvikla ein god delekultur på huset, noko som tryggjer den einskilde i det daglege arbeidet. Me har gjennom året ulike sosiale treffpunkt som folk set pris på.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Utvikle eit trygt og godt læringsmiljø.
Resultat: Elevundersøkinga syner reduksjon i mobbing og god trivsel.
2. Mål: Lage ein lokal leseplan for skulen
Resultat: Leseplanen ferdigstilt og teken i bruk januar 2014.
3. Mål: Halde budsjett på så forsvarleg måte som mogeleg.
Resultat: Har halde oss innanfor rammene.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Vi vil ha store utfordringar i høve til å gi eit forsvarleg tenestetilbod utifrå dei ressursane vi er tildelt. I tillegg har vi utsett nødvendige innkjøp/investeringar over lang tid.

5.11 Felles utviklingsarbeid for alle skulane i Meland kommune

Alle skulane i Meland har delteke i prosjektet Betre Læringsmiljø i perioden 2010 – 2014. Det er støtta av Utdanningsdirektoratet, og er del av ei nasjonal satsing for betre læringsmiljø for alle elevar.

I Meland har vi satt oss mål innanfor fire område:

- Reglar og konsekvensar
- Relasjonar
- Klasseleiing
- Læringstrykk.

I 2013 har alle skulane drive Trivselsprogrammet. Det er eit program for å auke trivsel og aktivitet i friminutta. Vi har hatt felles kompetanseheving for personalet innanfor mobbing og observasjon, og arbeida med retningslinjer for oppfølging av fråvær. Kvar skule har vald sine mål i prosjektet etter kva som har vore viktigast å ha fokus på den enkelte skule.

5.12 Helse

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

Tenesteområde Helse gjekk med overskot i 2013:

- Det er gjennomført innsparingar på drift gjennom noko redusert aktivitet.
- Det er auka inntekter frå statlege tilskotsordningar, som det er søkt om gjennom året.
- Det er relativt lite betaling til sjukehus for utskrivingsklare pasientar.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Avdelinga har svært lågt sjukefråver. Det vert arbeidd systematisk med påverknad på eigen arbeidssituasjon, og at det vert lagt til rette for variert arbeid.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Styrking av førebyggjande tenester, fysioterapiteneste og helsestasjon.
Resultat: Ikkje oppnådd. Tiltak vart stroke i løpet av året pga. innsparingskrav. Unntaket var styrka legetilsyn ved sjukeheimen (men avvikla frå 01.01.2014).
2. Mål: Endring av tildeling av psykiske helsetenester. Flytting av rusvernet frå NAV til ny avdeling for psykisk helse og rus.
Resultat: Oppnådd. Det er i 2013 etablert system for vedtak om teneste for alle nye søkjarar av tenester innan psykisk helse og rus. For eksisterande brukarar er vedtak påbegynt. Rus vart overført frå NAV frå 01.01.13. Driftsbudsjettet for rusvernet er redusert. Det er gjennomført nedbemanning innan rusvernet, samt avvikla kjøp av private plassar i rusverninstusjonar.
3. Mål: Fremme folkehelseomsyn i kommunale avgjerdssprossar.
Resultat: Oppnådd. På administrativt nivå er det tett samarbeid mellom tema folkehelse og plan. Det er vedtatt at alle saker som skal til politisk handsaming skal vurderast opp mot helsekonsekvens, og det er laga sjekklister til bruk for sakshandsamar. Vidare er det hausten 2013 innhenta lokale data til bruk i kunnskapsoversyn folkehelse (ferdigstilt i 2014).

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Stor folkevekst, og forplikting i samarbeidsavtaler, der folk har lovfesta krav på tenester krev større bemanning og nye lokale for fleire av tenestene i løpet av kort tid. Dette må ein og sjå på i budsjett 2015. Vidare bør kommunen vurdere permanente folkehelseiltak som t.d. frisklivssentral.

5.13 NAV / sosiale tenester

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

Det var i prognosane varsla eit negativt avvik på grunn av utvida kjøp av tenester ved MAKS, men grunna refusjon knytt til ressurskrevjande brukarar vart det totalt eit positivt avvik på 1,6% på sosialtenesta i NAV (Ansvar 350). 2013 er det første året med eige budsjett og rekneskap for flyktningar og innvandrarar. Det var vanskeleg å budsjettere fordi dette tidligare har vore fordelt på ulike tenestoområde. Det er i rekneskapen for 2013 avsett nærare 2 mill. til fond for å kunne fordele tilskot over fleire års utgifter til flykningar og innvandrarar.

Tenestoområdet sitt nærversarbeid:

På bakgrunn av medarbeidarundersøking i NAV i 2012 som peika på ulike utfordringar knytt til arbeidsmiljø og energilekkasje, vart det sett i verk ulike tiltak der arbeidstakarane og tillitsvalde har vore involverte. Dette har resultert i trivselstiltak, sosiale arrangement, auka samarbeid mellom arbeidstakarrepresentantar og leiing. Sjukemelde er følgd opp i tråd med rutine i kommunen. NAV har utfordrande kundar og tryggleik og gode rutinar for å unngå vald, truslar og sjikane er hyppig tema på kontormøte. Det er også halde kurs innan dette i 2013.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Betre resultat på brukarundersøking
Resultat: 86% er nøgd med servicen frå NAV Meland. Vi skårar for lågt på nokre indikatorar. Den gjennomsnittlege skåren var på 82%.
2. Mål: Betre skår på NAV sin årlege medarbeidarundersøking som målar i kva grad medarbeidarar er tilfreds i jobben. Det er ei viss betring på målingane i 2013 samanlikna med året før, men vi er framleis under dei interne målsetjingane. Det er difor utarbeid handlingsplan for betre måloppnåing i 2014 som medarbeidarane er samd i.
3. Mål: Nå alle sentralt definerte måleparameter i målekortet for NAV innan produksjon, brukarperspektiv og medarbeidarperspektiv.
Resultat: NAV Meland har bare delvis nådd målet i 2013. Mål vidareføres i 2014.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

- Sikre midlar til iverksetjing av lågterskeltiltak
- Sikre midlar til bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden
- Sikre midlar til sikringstiltak på NAV
- Sikre midlar til HMS-tiltak i kontorlandskap
- Sikre midlar til oppgradering av mottaksrom og ekstra samtalerom

5.14 Barnevern

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

Meirforbruk skuldast at det er bokført betaling av institusjonsopphald for 5 kvartal i staden for 4 (utgjør ca. kr 600.000) for å periodisere rekneskapen korrekt. Fleire uforutsette saker i rettssystemet førte til høgare advokatutgifter enn budsjettert.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Gode kollegiale tilhøve, delegering av ansvar. Samt høve til vidareutdanning.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: God økonomikontroll.
Resultat: Oppnådd målsetting ved at utgiftssida i barnevernstenesta er blant dei lågaste i samanliknbar KOSTRA-kommunegruppe (gruppe 8), samstundes som vi meiner at vi leverer eit godt og tilfredstillande tenestetilbod.
2. Mål: Satsing på førebyggjande arbeid.
Resultat: Gjennom eiga rettleiarstilling har vi fått på plass eit systematisk førebyggjande arbeid med fokus på foreldrerettleiing, og dermed oppnådd målsettinga.
3. Mål: Utvikle samarbeid mellom kommunane i regionen.
Resultat: Dette målet nådd med mellom anna igangsetting av felles konsultasjonsteam mellom Meland, Radøy og Austrheim for barn og unge utsett for vald/overgrep.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

- Høg vekst i barnetalet i Meland kommune og stor tilflytting vil basert på statistisk forventning gje auka krav til barnevernstenesta. Hå nyinnflytta kan det ta tid å avdekke saker som barnevernet bør gripe inn i.
- Den kommunale betalingsandelen i statlege tiltak har vore på ca. 20 % (kr 36.523,- pr. mnd) Nå er den kommunale del auka til kr 50.304,- pr. mnd og staten har varsla ytterlegare auke i denne. Ved kjøp av 5 plasser i statleg tiltak (noko som vil kunne vere vårt behov) vil denne auken utgjøre kr 827.000 på eit år. Dette er ei utfordring for oss.

5.15 Meland sjukeheim

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

Hovudårsaka til avviket er for lita ramme til gjennomføring av drift av 35 sjukeheimeplassar.

Elles har sjukefråværet vore høgt gjennom året.

Ny leiar for tenesteområdet starta 01.08.13 og det er difor vanskeleg å vurdere og ha oversikt over heile året i høvet til måloppnåinga.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Viktig å følgje opp sjukemeldte arbeidstakarar gjennom samtalar og tilrettelegging.

Det har mellom anna vore tilrettelegging i turnus med overføring av personale til anna avdeling.

Det er vidare viktig for leiar å vere til stades for tilsette og vere med å skapa eit positivt arbeidsmiljø, med tru på eigen arbeidsplass.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Halda budsjettamma / unngå for stort meirforbruk
Resultat: Vår 2013 var det rekna med eit meirforbruk på omlag 4 mill., men resultatet viser eit meirforbruk i høve til ramma i revidert budsjett på ca 1 mill.
2. Mål: Oppnå auke av nærveret / lågare fråversprosent.
Resultat: 01.01.- 01.06.13 var fråværet 16,1 %. Samla for året vart fråværet 13,3 %.
3. Mål: Ha tilstrekkeleg og rett fagkompetanse slik at dette gir ei kvalitativ god teneste.
Resultat: 1,6 årsverk vart gjort om til sjukepleiarkompetanse. Avdelingane står slik sterkare. Dette meiner ein også gjeld for feriar og ved anna fråvær.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Frå mai 2014 skal ein ta i bruk nybygd avdeling (korttid). Det vil her vera ei utfordring å ha tilstrekkeleg bemanning ut frå gitt ramma. Ny korttidsavdeling generer ein annan måte å arbeide på. Som følgje av innvilga vedtak april 2014 vert talet på og fordelinga mellom korttids plassar og langtids plassar endra samanlikna med opprinneleg plan som låg til grunn for budsjettvedtaket i 2014.

Drift av senge plassar vert slik frå mai 2014:

Korttid /rehabilitering – 7 senge plassar.

Langtidsavdelinga – vidareførast med 16 senge plassar

Lerketunet – vidareførast med 12 senge plassar

Vi har då same totaltalet på pasientar på sjukeheimen som før utbygginga, dvs. 35, men med ei fordeling som vert noko dyrare å drifte.

5.16 Meland heimeteneste

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

- 1) Refusjon frå staten for ressurskrevjande brukarar større enn budsjettet: Totalt er meirinntekta kr 1,8 mill, men kr 1,0 mill av dette er overført til NAV for å dekke deira kostnader knytt til desse brukarane. Kr 0,8 mill er såleis meirinntekta i heimetenesta .
- 2) Reduksjon av stillingsprosentar tilsvarande ei 100% stilling og vakante stillingar tilsvarande ca kr 1 mill.
- 3) Talet på ferievikarar og sjukevikarar har vore redusert til eit minimum.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Dei som har vore sjukmeldte har blitt godt ivaretatt med samtalar og tilrettelegging. Det har diverre vore lite tid og ressursar til kurs og intern undervisning. Vi har hatt færre sosiale treffpunkt enn det som var planlagt grunna stor arbeidsbelastning.

Dei viktigaste måla og oppnådd resultat:

Viser her til strategidokumentet frå 2012 for tenesteområdet der hovudmåla er:

- 1) God kvalitet på tenestene.
- 2) Godt arbeidsmiljø.

Dei fleste av tiltaka er gjennomført, men vi har diverre ikkje fått evaluert og vidareført dette dokumentet i 2013.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Reduksjon av drifta på sjukeheimen m.h.t langtidsplassar medfører auka arbeidsbelastning for heimetenestene. Tilstrekkeleg ressursar til å dekke utgifter til avlastning for personar med nedsett funksjonsevne. Kontorlokalitetar for ei samla heimeteneste.

5.17 Kultur

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

På kulturskulen har det vore stort sjukefråver, det har bare vore sett inn vikar i timane. Andre ressursar knytt til stillinga har ikkje vore brukt. På biblioteket har ein person hatt permisjon frå september og ut året, det har ikkje vore høve til å sette inn vikar i stillinga.

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

Avdelinga har lagt vekt på å ha personalmøte, felles lunsj og julelunsj på biblioteket. Vi har og prøvd å få til samlingar utanfor arbeidstid, men det har ikkje lukkast av ulike årsaker. Leiar har vore på personalmøte på alle avdelingar minst ein gong dette året.

Dei viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Etablere den nye kulturavdelinga som ei eiga eining.

Resultat: Kulturavdelinga fekk ny leiar og kulturkonsulent i 2013. I løpet av året har avdelinga arbeida med å få oversikt over arbeidet som har vore gjort. Ein har satsa på overføring av kunnskap frå tidlegare tilsette og andre.

Avdelinga har levert kommunal plan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 – 2019, og mykje ressursar har blitt sett inn i arbeidet med å etablere ny kontakt med frivillige både i og utanfor lag og organisasjonar. Det har blitt sett i gong eit sterkt initiativ for satsing på tilrettelegging for friluftsliv.

2. Mål: Kulturskulen vil vere ein stad der barn og unge kan leike, kjenne seg som ein del av eit positivt fellesskap, bli kjend med eigne skapande krefter og få kunnskap formidla gjennom møte med kunstnarar og pedagogar.

Resultat: Gjennom høgt utdanna pedagogar innanfor musikk, visuell kunst, teater og dans får i underkant av 300 unge Melandsbuarar opplæring i kulturskulen. Kulturskulen har høg søknad, men har dessverre gjennom 2013 måtta trappa ned aktiviteten og har lågare elevtal enn tidlegare av økonomiske omsyn. Med desentralisert undervisning håpar me å nå alle innbygarane våre.

3. Mål: Meland frivilligsentral skal vere ein pådrivar og leggje til rette for frivillig arbeid.

Resultat: Meland Frivilligsentral har hatt eit aktivt år i 2013 der me har oppfylt måla. Mange og gode tiltak og aktivitetar saman med frivillige og organisasjonar. Etter omorganiseringa pr januar 2013 er no sentralen lokalisert til Kulturavdelinga.

4. Mål: Meland bibliotek skal synleggjere nynorsk språk og kultur gjennom arrangement og utstillingar.

Resultat: Biblioteket har arbeidd med ulike prosjekt gjennom året, Nynorsk i poesi og prosa, som vart støtta av Fritt Ord og eit felles prosjekt med Lindås bibliotek, På veg mot eit praksisfellesskap, støtta av Nasjonalbiblioteket. Fleire barn har møtt nynorsk litteratur presentert på ulike måtar igjennom året og både vaksne og barn har møtt formidlarar av høg kvalitet.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Personalsituasjonen på kulturskulen og på biblioteket er ei stor utfordring. Kulturskulen har små stillingar og er sårbar når lærarar vert sjuke eller vel andre arbeidsplassar med større stillingsressurs. På biblioteket har dei frå september hatt ei stillingsreduksjon som har ført til færre opningstimar, dette har igjen ført til ei jamn strøm av klagar frå publikum. Det er viktig å få stillingar på plass slik at vi kan ha ei stabil drift og publikum/brukarar kan vite kva dei kan forvente av oss.

Kultur og frivilligsentralen merkar godt forventningane til dei frivillige lag og organisasjonane om større tildelingar av kulturmidlar og meir hjelp til søknader. Vi ser og at Meland har ei stor gruppe ungdommar som ikkje har noko fritidstilbod eller kjenner seg heimlause, utan ein stad å vere. Sidan ungdomsklubben vart lagd ned har det vore sett på ulike løysingar, men til no er det ikkje etablert noko tilbod av varig karakter. Det er difor naudsynt å sette av frie midlar til ungdomstiltak.

5.18 Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

Hovudårsak til avvik (+/- 1 %):

På grunn av kommunen sin stramme budsjettsituasjon er det halde igjen på utgiftene i heile ansvarsområdet, og avdelinga går dermed med overskot. Det betyr at oppgåver som burde vore løyst, er utsett, særleg innan drift og vedlikehald. På grunn av vanskeleg rekrutteringssituasjon og uønska vakansar er det elles spart inn på lønsutgifter (avvik i årsverks-tabellen betyr vakanse).

Tenesteområdet sitt nærversarbeid:

For sjukefråveret sin del er det ei positiv utvikling med lågare skår enn gjennomsnittet for kommunen. Langtidssjukemeldte blir følgt opp i tråd med regelverket. For nærversarbeidet sin del, er det satsa på arbeidsmiljøtiltak gjennom ulike samlingar. Dette for å motverke den negative effekten som stramme budsjett og alt for små ressursar har på den enkelte tilsette, i høve til forventningar og krav frå omgjevnadene.

Dei 3 viktigaste måla og oppnådd resultat:

1. Mål: Leverer gode tenester på alle område som krev kommunal saksbehandling etter særlover på PUK sitt ansvarsområde.

Resultat: Saksbehandlingstida er for lang som følgje av generelt låg kapasitet, med unntak for landbrukssaker, oppmålingssaker og oppgåver etter matrikkellova. Kvaliteten på saksbehandlinga er god m.o.t. innhald og lovfesta krav til heimelsgrunnlag, grunngjeving og likebehandling.

2. Mål: Ha god framdrift i kommunal planlegging, leverer gode karttenester, gje bøndene god oppfølging og drive næringsutvikling innan PUK sitt ansvarsområde.

Resultat: Det er gjort ein stort arbeid med overordna kommunal ROS og med arealdelen til kommuneplanen, som rett nok har noko forsinka framdrift. Områdeplanen for Frekhaug sentrum har hatt høg prioritert, men framdrifta er hemma av motstand frå Statens vegvesen. Kartverket er godt oppdatert på områda som kommunen har ansvar for. Kommunale arealplanar elles har måtta vike prioritet. Deltaking i regionalt samarbeid har ført til at kommunen har fått ei lenge etterlengta kommunalteknisk VA-norm. Landbrukskontoret opplever nógde bønder og at fleire søknader om finansiering av ulike næringsutviklingsprosjekt er innvilga.

3. Mål: Utføre så mykje vedlikehaldsarbeid som mogeleg både når det gjeld teknisk infrastruktur og bygningsmasse, og drifte eigedomar og anlegg på ein kostnadseffektiv måte. Sikre at kommunen har den bygningsmassen og tekniske infrastrukturen som er nødvendig for å støtte dei oppgåvene som kommunen er sett til å løyse gjennom effektivt prosjektarbeid.

Resultat: Det er brukt lite pengar på vedlikehald av bygningar og anlegg, men det er lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å halde standarden nokolunde i sjakk. Fleire tiltak er utsett. Det er investert i vegar og trafiksikringstiltak i tråd med investeringsplan. Fleire store VA-anlegg er bygd ut og ferdigstilt, nye er under førebuing i tråd med gjeldande tiltaksplanar. Sjukeheimen er utvida og Grasdal skule har fått paviljong. Det vart elles lagt ned eit stort arbeid med å førebu anbudsprosessen innan reinhaldstenestene.

Utfordringar å ta med i arbeidet med økonomiplan:

Dei største utfordringane er utan tvil å sikre nok kapasitet til å i vareta kommunen sitt ansvar for plan- og byggesakene, ha kapasitet til å sikre kommunale arealplanar som er nødvendig for vidare offentleg og privat utbygging, ivareta kommunen sitt ansvar for miljø- og forureiningssaker, ha kapasitet til å sikre vidare utbygging av teknisk og sosial infrastruktur og oppretthalde drift- og vedlikehaldsnivået på ein verdibevarande måte. Etter mange år med minimumsdrift er det ikkje meir å hente gjennom effektivisering eller rasjonalisering innafor dei ressursrammene avdelinga rår over. Ytterlegare effektivisering krev auka økonomiske rammer til dagleg drift, styrking av fagmiljø, teknologisk utvikling og regionalt samarbeid. Dette er også fundamentet for eit godt arbeidsmiljø.

6 Interkommunalt samarbeid

Meland kommune samarbeider tett med nabokommunane på ei rekkje område. Vi har i 2013 følgjande område der vi har sett vekk tenesteproduksjon til interkommunale samarbeid eller interkommunale verksemder.

Meland kommune sin del av kostnader i interkommunale tiltak			Tal i 1 000 kr	
Namn:	Verts-kommune	Samarb.-form	2013	2012
Driftsassistansen i Hordaland - vann og avløp (DIHVA)	-	IKS	24	22
Interkommunal Innkjøpsordning	Bergen	avtale	87	75
Interkommunalt arkiv i Hordaland	-	IKS	194	192
Krisesenteret for Bergen og Omegn	Bergen	avtale	266	254
Lindås og Meland Brannvern	Lindås	KL § 28 b	5 104	5 232
Lindås og Meland Brannvern - Feietenesta	Lindås	KL § 28 b	854	810
Nordh. Gulen Interk. Branntilsyn (NGIB)	Lindås	KL § 28 b	522	512
Nordhordl. Gulen Interk. byggetilsyn (NGIT)	Lindås	KL § 28 b	18	15
Nordhordl. Gulen Interk. Renh.v. (NGIR)	-	IKS	801	797
Nordhordland digital (ND)	Radøy	KL § 27	170	86
Nordhordland IKT	Osterøy	KL § 28 b	2 673	3 491
Nordhordland interkommunale legevakt	Lindås	KL § 28 b	2 720	2 192
Nordhordland interkommunale legevakt døgntilbod	Lindås	KL § 28 b	441	-
Nordhordland Kemnerkontor	Lindås	KL § 28 b	989	738
Nordhordland Kursregion	Lindås	Organ	55	83
Nordhordland Revisjon IKS	-	IKS	813	789
Regionrådet for Nordhordland	-	avtale	804	642
Teknisk hygienisk ingeniør	Lindås	avtale	175	153
Ungdomskontakten Salto	Lindås	avtale	193	171
Sum kostnad interkommunalt samarbeid			16 901	16 256

Dei fleste av desse er Vertskommunesamarbeid etter Kommunelovens § 27 eller § 28, medan nokre er IKS - Interkommunale Selskap - etter eigen særlov. Det er også nokre avtalebaserte samarbeid som ikkje er direkte relatert til vilkår i kommunelova. Eit IKS legg fram sjølvstendige rekneskap som ikkje inngår i kommunen sitt drifts- og investeringsrekneskap. Dei andre samarbeidstiltaka vil inngå i vertskommunen sitt rekneskap.

7 Andre forhold

7.1 Arbeidsmiljø, personalarbeid og organisasjonsutvikling

Redusert sjukefråvær med fokus på nærversaspektet har også i 2013 vore eit satsingsområde. Det har vore jobba godt både med nærversarbeidet og oppfølgingsarbeidet på alle tenesteområda, To gongar årleg vert det laga utfyllande rapport til arbeidsmiljøutvalet. Totalt sjukefråver for 2013 vart likevel om lag på same nivå som i 2012, jf. tabellen nedanfor. For 2013 er måлтаlet gjennom vedtak i AMU sett til 7 %.

Totalt sjukefråver pr år:

2013	2012	2011	2010	2009
8,2%	8,1%	7,0%	8,4%	8,9%

Det vart våren 2013 gjennomført opplæring i helse, miljø- og tryggleik for alle tenesteområdeleiarane. Vi hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet med tema inneklime i skulane. Alle avvik vart lukka etter innsending av etterspurt dokumentasjon.

Det har vore gjennomført 2 samlingar for nyttilsette, og kommunen deltok med 14 deltakarar på den interkommunale seniorsamlinga i januar. Sistnemnde tiltak får alltid svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane, og arbeidsgjevar legg stor vekt på prosessen i etterkant.

Deltaking i det nasjonale programmet Saman om ein betre kommune heldt fram også i 2013. Dette byggjer på eit trepartsamarbeid mellom politisk nivå, administrativt nivå og arbeidstakarorganisasjonane. Meland kommune har vald omdømme som tema, og det er etablert 3 lokale delprosjekt:

1. Ny arbeidsgjevarstrategi
2. Etisk kompetanseheving
3. Arbeidstidsordningar i sjukeheimssektoren (nytt delprosjekt i 2013)

I samarbeid med politisk nivå vart det i 2013 laga eigen informasjonsplan, der dei fleste tiltaka i handlingsdelen er gjennomførte. Kompetanseutviklingsplanen – strategisk del går fram til 2015. Alle tenesteområda laga tiltaksplan for 2013.

Det vart i 2013 gjennomført lønsforhandlingar for aktuelle område i hovudtariffavtalen, og det vart oppnådd semje i alle forhandlingane. I samsvar med hovudavtalen og prinsippa om informasjon og medraderett er det etablert faste møtepunkt mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

(Sjå også punkt 5.1 – Adm. stab rådmann om leiarutvikling, implementering av ny organisasjonsplan m.v.)

7.2 Politisk organisasjon

Det har ikkje vore gjort store endringar i den politiske organisasjonen i 2013. Møte i formannskap og faste utval vart frå hausten 2013 av lagt til etter arbeidstid, dette som eitt av fleire vedtekne innsparingstiltak.

Arbeidsmiljøutvalet fekk frå 1. november 2013 ny samansetjing, med berre administrative medlemmer på arbeidsgjevarsida. Det vart ikkje gjort endringar for arbeidstakarsida.

Stortings- og sametingsvalet 9. september 2013

I Meland var det 5104 som kunne røyste ved Stortingsvalet. Det var 4105 som røysta, noko som gjev ei valdeltaking på 80,9%. Det var 1100 som røysta på førehand og 3005 som røysta på valdagen.

Førehandsrøyste kunne ein gjere i resepsjonen på rådhuset. I tillegg vart det teke imot røyster på sjukeheimen og også gjennomført ambulerande røystemottak for heimebuande som ikkje kunne koma seg fram til røystelokale. På valdagen vart det nytta 6 røystelokale, og opningstida var frå kl. 12:00 – 20:00. Til saman var det 43 valfunksjonærar i røystelokala.

Kommunen tok imot førehandsrøyster til Sametingsvalet.

7.3 Likestilling

Tal tilsette fordeler seg med 73% på kvinner og 27% på menn. I rådmannen si leiargruppe (13 tenesteområdeleiarar) er det 54% kvinner og 46% menn.

Det har vore gjennomført ny kartlegging av uønskt deltid i pleie- og omsorgssektoren.

Kartleggingsskjema var sendt til 109 tilsette, med ei samla svarprosent på 81%.

For Meland sjukeheim låg svarprosenten på 79%. Det var her 43,5% som ønskte å gå opp i stilling. For heimetenesta låg svarprosenten på 90%. Det var her 30% som ønskte å gå opp i stilling. Det vert kontinuerleg jobba for å redusere omfanget av uønskt deltid, m.a. gjennom alternative turnusordningar.

7.4 Etikk

Meland kommune tok del i "Samarbeid om etisk kompetanseheving" i 2012 jamfør prosjektplan datert 03.09.12. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet, arbeidstakarorganisasjonane innan helse og omsorg samt KS. Prosjektet er forankra i Stortingsmelding nr 25 "Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer". Ein kan lese meir om prosjektet på www.ks.no/etikk-kommune.

Prosjektet si hovudmålsetting er å bidra til at kommunane styrkjer den etiske kompetansen og gjennomfører systematisk etisk refleksjon i tenestene. Prosjektet vert vidareført ut 2015.

Meland kommune har ikkje sett av eigne budsjettmidlar til prosjektgjennomføring. Ressursbruk er relatert til tidsressurs for 6 personar i prosjektgruppe, samt at kommunen har etablert 13 lokale etikk-kontaktar på avdelingsnivå innan sjukeheim, heimeteneste, psykisk helse, barnevern og NAV. Prosjektplan legg opp til at alle tenesteområde i kommunen skal involverast innan 2015.

I 2013 har ein arbeida med forankring og iverksetting innan helse, sosial og omsorg. I 2013 har det mellom annan vore gjennomført fagseminar for alle leiarane for tenesteområda med fokus på etisk leiarskap og organisasjonsetikk. Det har og vore fagseminar for alle etikk-kontaktar med fokus på korleis leie lokale refleksjonsgrupper.

Primært arbeider ein med å integrere etisk refleksjon i daglege gjeremål og møteverksemd i dei ulike avdelingane. Målsettinga er kombinasjon av etisk kompetanseheving hjå personale samt at ein vil få effektar for brukaroppleving av forvaltning og tenesteyting. Det ligg føre eigen årsrapport for prosjektet datert 13.12.13.

7.5 Internkontroll

Kommunelova nyttar ikkje ordet internkontroll og inneheld heller ikkje krav om særskilde system eller aktivitetar. Likevel går det tydeleg fram an kommunelova § 23 nr. 2 andre setning at:

- Administrasjonssjefen skal ha «betryggende kontroll» med administrasjonen, og
- Administrasjonssjefen skal sjå til at lover, forskrifter og instruksar vert fylgde i administrasjonen.

Vi har ikkje kome i gang med systematisk ROS-analyse med fokus på internkontroll. Vi må kartleggje risiko-område før vi kan utarbeide rutinar og retningsliner. Men vi har arbeidd mykje med å dokumentere grunnlaget for utbetalingar og krav til vedtak. Dette med grunnlag i ting vi har sett ikkje har vore godt nok handtert tidlegare.

Framover må vi prioritere internkontroll på økonomiområdet. Dette var og etterlyst av kontrollutvalet som resultat av forvaltningsrevisjonsrapport i 2010. Grunna utskifting av personalet på økonomikontoret har vi ikkje kome i gang med dette, men arbeidet vil bli prioritert framover. Elles meiner rådmann at dei grepa vi har gjort i samband med omorganiseringa har styrkt internkontrollen. Ansvar og mynde er gjort tydeleg gjennom leiaravtalar. Det vert og jobba systematisk med leiaropplæring og rolleforståing.

7.6 Beredskap

Det vart i 2013 utarbeidd overordna ROS-analyse for Meland kommune. Tema i analysen var:

- 1) Klimaendringar og naturulukker
- 2) Epidemiar og helseberedskap
- 3) Fiskesjukdommar og oppdrett, dyresjukdommar og landbruk
- 4) Svikt i kritisk infrastruktur
- 5) Storulukker, masseskadar, atomulukker og radioaktiv stråling

Fylkesmannen gav i mars 2014 positiv tilbakemelding på den ferdigstilte ROS-analysen.

Kommunen deltok i Øving Hordaland 27. november 2013, som skjedde i regi av Fylkesmannen. Øvingsscenario var transport av farleg stoff. Også alle arbeidsgrupper/støttegrupper for Kommunal kriseleiing (KKL) var involvert i førebuing og gjennomføring av øvinga.

Øvste politiske og administrative leiing deltok på kompetansehevande samling innan beredskap på Voss 4. og 5. november 2013.

Det har vore gjennomført ordinært ajourhald av Beredskapsperm for Meland kommune.